



ATTGROING: Sjå til Sveits og korleis dei har lagt opp landbrukspolitikken sin, seier Christian Anton Smedshaug (til venstre), dagleg leiar i AgriAnalyse. Katrin Blomvik, direktør for verdsarvstiftinga Geirangerfjord Verdsarv og bonde Bjørn Helge Rønneberg er einige. FOTO: TERJE ENGÅS

● Folkemøte i Eidsdal om attgroing og avfolkning

Lærer landbruk av Sveits

Det er snart ikkje beitedyr
att i verdsarfjordane
våre, og markane gror att.
Lær av Sveits, og skift
landbrukspolitikk, meiner
Christian Anton Smeds-
haug i AgriAnalyse.

Sveits og Norge har mange fel-
lestrek. Men heilt ulik land-
brukspolitikk.

Medan det i Norge er lagt
mest vekt på overføringar ba-
sert på produksjonsmengde,
betaler den sveitsiske staten ut
støtte ut frå areal og korleis ma-
ten blir produsert på det en-
kelte gardsbruk.

Den sveitsiske bonden er
ikkje berre ein matprodusent,
men også ein som utfører te-
nester for fellesskapet mellom
anna gjennom pleie av kultur-
landskapet.

På eit folkemøte i Eidsdal
onsdag om attgroing og avfol-
king presenterte Christian An-
ton Smedshaug, dagleg leiar i
AgriAnalyse, korleis den sveit-
iske modellen er bygd opp.

Miljøskadar

På 1990-talet opplevde Sveits
attgroing av jordbruksareal og
synlege miljøskadar etter inten-
siv drift.

Difor la dei om landbrukspo-
litikken, der det nye hovudfor-
målet er at jordbruket ikkje
berre skal produsere mat, men
også utvikle fellesgode som kul-



LANDBRUK: Talet på både sysselsette og bruk har gått kraftig ned i
Geiranger dei siste åra, fortel næringsjefane Inge Bjørdal (til
venstre) og Toralv Klokkehaug.



UTSIKT: Bak denne grøne veggen er det ein vestlandsfjord. FOTO:
TERJE ENGÅS

turlandskap og biologisk mang-
fald, fortel rapporten fra
AgriAnalyse.

Målet for den sveitsiske jord-
brukspolitikken kan delast opp
i fire punkt: 1. Matproduksjon
til det sveitsiske folk. 2. Velstelt
kulturlandskap. 3. Desentrali-
sert busetnad. 4. Bevaring av
naturressursar.

Dei økonomiske overføringa-
ne i hovudsak gjennom direk-
tetilskot.

Alt kan ikkje samanliknast
mellan Norge og Sveits. For
Sveits er eit lite land, med kort
veg til marknaden. Dei har også
eit mildare klima og langt hø-
gare skoggrense – som betyr
større andel dyrkbart areal.

Korleis har denne politikken
verka i Sveits? Jau, talet på

gardsbruk har gått ned dei siste
året, men ikkje så mykje som i
Norge. Det er også blitt færre
mjølkebruk, men nedgangen er
mykje større i Norge.

Og den viktige turistnæringa i
Sveits, med 170.000 sysselset-
te, ser at kulturlandskapet blir
pleid på ein betre måte.

Verkemiddel

Turismen i Alpane er avhengige
av eit ope og velpleidd kultur-
landskap, og bøndene får betalt
for denne jobben gjennom
støtte til auka beitebruk og
meir ekstensiv drift. Eit av dei
siste verkemidla som kom på
plass er at ein gjev støtte per
hektar, og ikkje per dyr.

Det er også ordningar for
spesiell støtte til landbruk i ope

landskap, i brattlendt terreng, i
alpin beitemark og til sommar-
beite.

Sveitsiske bønder i låglandet
får tilskot for å sende dyra sine
på setra. Det blir også gjeve til-
skot til tilsyn av beitedyra.

Og det blir gjeve bidrag til re-
dusert bruk av sprøytemiddel.

Einige

– Det er heilt rett å sjå på den
sveitsiske modellen, sa hotell-
drivar Monja Muren Mjelva i
Geiranger under møtet.

Bonde Bjørn Helge Rønneberg i
Eidsdal er ein av dei som
framleis slår gras i Geiranger.

Han meiner også vi må lære
av sveitsarane:

– Men først må vi evaluere
den norske landbrukspolitik-

ken. I Geiranger ser det eigent-
leg ganske bra ut. Det er i
områda rundt at det er for lite
beitetørkk, meiner Rønneberg.

Jerv

– Vi må få fleire beitedyr, og vi
må få gjort noko med jerven.
Skal vi ha kulturlandskap, eller
skal vi ha jerv, spørte bonden.

– Det er heilt rett å sjå til
Sveits, seier også Inge Bjørdal
og Toralv Klokkehaug, nærings-
sjefar i Stranda og Norddal.

– I Tafjord er det berre 50
sauer igjen, og det er heilt att-
grodd, seier Klokkehaug.

I Geiranger er det berre fire
sau- og geitebønder igjen. In-
gen mjølkebønder.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no